



Arkivnr: 2015/203-13

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Fornyng av sertifikatlån 335 mill. kr

Samandrag

Eit 3 månaders sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. juni 2015. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt sertifikatlån tilrettelagt av DNB Markets.

Vedtak

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 335 mill. kr vert refinansiert med eit 3-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av DNB Markets. Renta fram til 8. september 2015 er 1,579 %.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.06.2015

Eit sertifikatlån på 335 mill. kr forfell den 8. juni 2015. Renta på lånet har vore 1,38 % siste 3-månaders perioden.

Fylkesrådmannen går inn for å fornye lånet med eit nytt 3 månaders sertifikatlån. I tilknytning til dette lånet har fylkeskommunen ein rentebytteavtale, der ein betaler fast rente og mottar 3 mnd. Nibor. For å oppnå størst grad av sikring, bør lånet følgje same intervalla som rentebytteavtalen, dvs. 3 månader.

Ein har bede om tilbod frå fire bankar, og har fått inn desse tilboda:

	<u>Nominell rente</u>
DNB Markets	1,579 %
Nordea Markets	1,588 %
Danske Bank Markets	1,700 %

SEB kom ikkje med tilbod i dag.

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå DNB Markets.